



Arkivnr: 2017/15692-1

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		24.10.2017

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa frå Fv 121 til gbnr 98/4 i Fusa kommune

Samandrag

Geir Johnsen oppførte i 2015 byggverk på gbnr 98/4 i Fusa kommune. Etter oppføringa, den 05.11.16, sendte han søknad om dispensasjon frå byggjegrensa frå Fv 121 til eigedomen for nybygg der. Søknaden blei avslått av Statens vegvesen. Avslaget blei påklaga, men vegvesenet har oppretthalde vedtaket sitt. Det inneber at klagenemnda, som klageinstans må gjere endeleg vedtak i saka. Det faktum at søknaden blei sendt etter at byggverket blei oppført, gjer at klagenemnda si handsaming av denne saka kan skape presedens. Saksframlegget inneheld difor ein eigen generell del der dette tilhøvet vert drøfta.

Forslag til vedtak

Klage av 09.02.17 frå Geir Johnsen over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16 ikkje vert teke til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.09.2017

Bakgrunn

Geir Johnsen (søkjaren) er ansvarleg for at det i 2015 blei oppført byggverk på gbnr 98/4 i Fusa kommune (eigedom). Etter oppføring, i brev av 05.11.16, sendte søkjaren søknad om dispensasjon frå byggjegrensa frå Fv 121 til eigedom for nybygg der (søknaden). I vedtak dagsett 05.12.16 (vedtaket) avslo Statens vegvesen (SVV) søknaden. I brev av 09.02.17 påklaga søkjaren dette vedtaket (klaga). Etter ny handsaming dagsett 22.02.17 vedtok SVV å oppretthalde vedtaket sitt. Klagenemnda er klageinstans og skal gjere endeleg vedtak i saka.

SVV peikar i sitt brev av 22.02.17 på at handsaminga av denne saka kan skape presedens. I saksframlegget er dette difor drøfta generelt innan ein går nærmare inn på den konkrete saka.

Drøfting av moglege presedens for sakshandsaming

Det er generelt ikkje ei ny problemstilling at tiltakshavarar byggjer før dei søker om løyve som er naudsynt etter reglane i plan- og bygningslova, men fylkesrådmannen er ikkje kjend med liknande saker av nyare dato der ein har søkt om dispensasjon frå byggjegrensa i veglova for å oppføre nybygg, etter at eit nybygg er oppført. Vurderinga av dette aspektet ved den aktuelle søknaden kan såleis skape presedens. Fylkesrådmannen vil difor innleiingsvis, i denne delen av saksframlegget, drøfte dette aspektet i saka prinsipielt, på generelt grunnlag, uavhengig av den konkrete saka.

Det juridiske grunnlaget for både denne drøftinga og vurderinga av klagen seinare i saka er §§ 29 og 30 i veglova. For drøftinga i denne delen av saksframlegget er også § 36 relevant:

I § 29 i veglova heiter det m.a følgjande:

Langs offentleg veg skal det vere byggegrensar fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg [...].

[...]

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnd i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

I § 30 i lova er deler av ordlyden slik:

Byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrensar som er fastsette i eller med heimel i § 29.

Føresegnene i første ledd skal gjelde tilsvarande for varerampar, murar og liknande innretningar [...]. Det same gjeld for gjerde som kan hindre fri sikt [...].

Løyve etter første ledd gir regionvegkontoret for riksvegar og fylkesvegar [...].

§ 36 i lova lyder som følgjer:

Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 plassert eller endra i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, kan innretninga takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syte for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ein fastsett frist.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

Fylkesrådmannen nyttar i denne saka nemninga 'rive' som synonym for å ta bort, flytte eller endre. På grunnlag av lovteksten er fylkesrådmannen sitt prinsipielle generelle resonnement følgjande:

Vedtak i høve søknader om dispensasjon frå byggjegrænse vert gjort med heimel i veglova §§ 29 og 30. Dei avgjer berre om eit byggverk kan oppførast eller ikkje. Oppføring av byggverk innafør fastsett byggjegrænse utan løyve frå forvaltningsorganet SVV er i strid med veglova § 30 og såleis ulovleg.

Fylkesrådmannen oppfattar det slik at veglova § 36 gjev SVV heimel for å gjere vedtak om å rive ulovleg byggverk som nemnd. Dette utan omsyn til status for ein eventuell søknad om dispensasjon frå byggjegrænse. Gjer SVV eit slikt vedtak, og det vert rettskraftig, kan i SVV i så fall syte for riving innan søknad har kome inn i det heile.

Er ovannemnde delresonnement riktig, er det inga direkte samband mellom vedtak i samband med søknad om dispensasjon frå veglova §§ 29 og 30, og vedtak om riving med heimel i § 36. Det inneber, etter fylkesrådmannen si vurdering, at det ikkje vedkjem handsaminga av ein søknad om dispensasjon frå ei byggjegrænse om det aktuelle byggverket er oppført eller ikkje. Fylkesrådmannen finn dessutan at det vil vere i strid med prinsippet om likskap i forvaltninga å gje ein søkjar særskild handsaming som følgje av at søkjaren har teke seg til rette ved å bryte veglova. Etter fylkesrådmannen si vurdering må difor alle søknader om dispensasjon frå byggjegrænse handsamast som om dei omsøkte byggverka ikkje er bygt, med mindre heilt spesielle omstende skulle liggje føre.

Dersom eit avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse vert rettskraftig, vil det ikkje vere unaturleg for SVV å utgreie om eit eventuelt oppført byggverk skal rivast. Det krevst då eit eige vedtak uavhengig av vedtak i høve søknad om dispensasjon frå byggjegrænse. Dersom SVV skulle gjere eit slikt vedtak, kan det ikkje effektuerast utan at den som er part i saka vert orientert om klageretten. Dersom ein søkjar nyttar klageretten, vil eit eventuelt rivingsvedtak måtte handsamast på nytt av SVV. Dersom dei opprettheld sitt eventuelle vedtak, vil vedtaket bli sendt til klagenemnda for endeleg avgjerd. Klagenemnda sine vedtak i saker som gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrænse kan difor ikkje få som direkte konsekvens at eit rettskraftig rivingsvedtak vert effektuert. Med andre ord: Denne saka gjeld ikkje riving av eit byggverk.

På grunnlag av denne generelle drøftinga av problematikken kring handsaming av søknader om dispensasjon for byggjegrænse i høve der byggverk er oppført på søknadstidspunktet, vil fylkesrådmannen si vurdering i denne saka byggje på same grunnlag som i andre slike saker, det vil seie som om det omsøkte byggverket ikkje er bygt.

Søknaden

Søknaden gjeld nybygg med minste avstand til vegmidte på 2,7 meter. I søknaden heiter det m.a følgjande:

Gårds og bruksnummer 98.4 er et typisk gammelt småbruk som er satt opp i 1895. Naustet ble bygd i 1905. Veien forbi naustet ble påbegynt rundt ca 1925.

Dette er det første naustet på Engjavika. Engjavika er et område hvor det er mange gamle naust som er blitt tatt vare på [...].

Restaurering av småbruket 98.4 startet i 2009 først ble hovedhus restaurert, så ble det satt i gang med naustet, etter nærmere undersøkelse ble avdekket at naustet var i en så dårlig forfatning at alt måtte byttes, ble da tatt en vurdering om at det skulle rives snues 90 grader og flyttes lengre ut mot sjøen, etter samråd med kommunen så de helst at vi tok vare på det gamle siden dette var det eldste naustet på denne siden. [...]

Det er nå satt opp et tak mot veimur noe som også har vært tidligere, det gamle taket ble for noen år siden fjernet da det skulle settes opp en ny veimur [...]. Årsaken til at dette taket er der er for og bevare veggene [...].

Beklageligvis ble det ikke søkt om dette til dere under restaureringen, da det hadde vært et tak der tidligere.

Har nå i samråd med kommunen blitt bedt om og søke dere om dispensasjon for disse to takene som er vist på vedlagte bilder.

Håper på forståelse for grunnlaget med tanke på den geografiske beliggenheten av naustet og dette ble bygd før veien kom og at naustet er restaurert og tatt vare på.

I tillegg er det heller ingen hindring for trafikken eller sikten på stedet.

SVV sitt vedtak

SVV sitt vedtak lyder slik:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 er søknaden avslått.

Vedtaket kviler på ei vurdering der det m.a heiter følgjande:

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Etter våre opplysningar, vart stabbesteinane langs fylkesvegen fjerna, og betongmur kom opp ca på midten av 90-talet. Fram til då, hadde naustet eit lite bislag eller halvtekkje ut mot vegen. Ut frå våre vegbilette kan me sjå at det vart utført arbeid på naustet i 2015. Då vart det bygt nytt tak som vart trekt ut mot vegen, og lagt på vegmuren.

Tiltakshavar meiner at taket ikkje er til hinder for sikt på vegen. Dette er Statens vegvesen ueinig i. Taket vert ofte trekt fram av våre driftsentreprenørar som eit problem i forhold til sikt, samt drift og vedlikehald. Krav til sikt i avkøyrslar for vegar som fv. 121, øvrige hovudvegar med fartsgrense 50 km/t, er at ein skal sjå 45 meter til kvar side når ein står 4 meter frå vegkanten og inn i avkøyrsla. Dette kravet er ikkje tilfredsstillt nordaustover mot Sævareid.

Etter vår vurdering kan dispensasjon frå byggegrense ikkje innvilgast for taket som kvilar på vegmuren. Hovudgrunnen for dette er at siktforhold ved avkøyrsla vert forverra. I tillegg skapar det problem i forhold til drift og vedlikehald av fv. 121.

Klaga

I klaga er den opphavelige grunngevinga for søknaden gjenteke. Deretter heiter det i klaga m.a følgjande:

[...] Som det framgår av bildet så mener jeg at det er hekken til vår nabo som tar sikten.

[...] har vært i kontakt med byggeleder for driftskontrakt i området [om drift og vedlikehald] og etterlyst hva som skaper problem, men har ikke fått noe tilbakemelding. I tillegg har jeg kontaktet den lokale entreprenøren som har brøyting og for han så skapte det ikke noe problem for hans vinter vedlikehold.

Om kravet om fri sikt skal etterleves så skulle naustet ha vært revet og flyttet som var opprinnelig plan og rådet fra kommunen om og ivareta det gamle naustet hvor det står, skulle ikke ha vært fulgt.

Naustet er tilnærmet ført tilbake til opprinnelig tilstand slik som ønske fra kommunen var, igjen så er taket til for å beskytte vegg og ramme. Bislag (tak mot vei mur) er satt opp igjen som det var før det ble fjernet da stabbesteiner skulle erstattes med ny vei mur. Det ble heller ikke da nevnt noe om at bislag ikke kunne settes opp igjen etter at ny mur var satt opp.

Søklar gjer etter dette gjeldande privat årsak til at ein etter riving av naustet i 1995 måtte vente med å oppføre tilbygget, at han berre har fått positiv attendemelding på korleis han har ivareteke naustet, og at

nemnde tak er nausynt for å unngå at plassen mellom naustet og vegen blir fylt med snø. I klaga heiter det vidare m.a følgjande:

Om det kan være til hjelp for vår søknad så kan taket kuttes ca 40 cm, slik at taket ikke er i kontakt med vei mur (se vedlagt [søkjaren sitt] bilde).

Se også vedlagt bilde av nabo eiendom der hvor de var i samme situasjon som oss med at naustet ble satt opp før veien ble laget forbi eiendommen de har godkjent avstand til vei.

Håper på forståelse for dette og at alt arbeid og bruk av ressurser med og ta vare på gamle bygninger ikke er forgjeves. [...]

SVV si vurdering av klaga

Det går fram av SVV sitt brev av 22.02.17 at dei i si nye vurdering har stadfesta grunnlaget for deira vedtak av 05.12.16. I vurderinga heiter det m.a følgjande:

[...]

Det var då [i 2015] ca 20 år sidan bislaget/halvtekkje vart rive, og det skulle vore søkt om på nytt i 2015. Hadde dette vorte gjort, hadde søkjar fått avslag på søknad med same bakgrunn som no.

Statens vegvesen har forståing for søkjar sine argument, sidan det er lagt ned mykje ressursar for å ta vare på naustet i samsvar med ynskje frå Fusa kommune. Sidan denne saka kan skape presedens for korleis Statens vegvesen kan handsame tilsvarande saker, ynskjer me at Hordaland fylkeskommune handsamar klaga og gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar

Som det går fram av ovannemnde utdrag frå veglova § 29, har fylkeskommunen ikkje høve til å fastsette ei byggjegrænse på mindre enn 15 meter. Fylkeskommunen har i Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest (rammeplanen) fastsett ei byggjegrænse på 30 meter langs Fv 121.

I rammeplanen heiter det m.a følgjande om byggjegrænser generelt m.a følgjande:

Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse vert handsama etter veglova §§ 29 og 30 [...].

[...]

- Busetnaden bør helst leggjast i god avstand frå riks- og fylkesveg av omsyn til borns leik, trafikkstøy og miljø. [...] Faren for utrusingsulykker med born minkar med aukande avstand mellom bustad og veg.
- Ny busetnad må ikkje vere til hinder for ein seinare utbygging av lokalvegnettet.
- Av omsyn til støytilhøva bør busetnad i mange tilfelle plasserast i større avstand frå vegmidte dersom særskilt skjerming ikkje vert gjennomført [...].

Det går i fram av søknaden at det omsøkte byggverket ikkje ligg i god avstand til fylkesvegen.

Med heimel i veglova § 13 og forskrifter til veglova, har SVV utarbeidd handbøker med konkrete vegtekniske krav. Eitt av desse krava er sikt. Krav til sikt er dermed ikkje gjenstand for subjektiv vurdering, men objektiv implementering av veglova. SVV legg til grunn at deira vedtak i denne saka er i samsvar med det lovheimla vegtekniske kravet.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen finn ikkje mangel i SVV si saksførebuing eller i vedtaket deira.

Fylkesrådmannen vil peike på veglova § 29 si påpeiking av at «byggjegransene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn». Når SVV si faglege vurdering, som fylkesrådmannen ikkje har merknader til, er at krava til vegsystemet med omsyn til sikt ikkje er oppfylt ved eigedomen, inneber det, etter fylkesrådmannen si vurdering, at det vil vere i strid med nemnde krava til vegsystemet og trafikken å byggje nybygg der.

Det omsøkte nybygget er, etter det fylkesrådmannen kan sjå, ikkje lokalisert i ein slik avstand til fylkesvegen som rammeplanen føreset for å ivareta trafikktryggleik og omsyn til mogleg framtidig utviding av den smale fylkesvegen. Dette er ikkje i favør av søknaden.

Fylkesrådmannen rår på grunnlag av denne vurderinga til at klage av 09.02.17 frå Geir Johnsen over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16 ikkje vert teke til følgje.